

Muntjac og Kinesisk vannrådyr

Jakta på disse artane arrangerer eg i samband min partner som jobbar som gamekeeper på fleire revir rundt Norfolk. Desse revira har ein samla storleik på over 8000 hektar, alle revir har ein høg bestand av Muntjac og ein god bestand av kinesisk vannrådyr. Jakta vil i hovudsak være smygjakt, i enkelte tilfelle nyttar ein seg av dei mange jaktårna.

Sesongen er året rundt på Muntjac, Kinesisk vannrådyr kan jaktast frå 1. november og ut mars. Februar og mars er beste tida, då Muntjacn likar seg godt i tett vegetasjon er jakta best i denne tida når vegetasjonen er utan lauv. Vannrådyra likar seg betre i opne landskapsområde som ein finn mykje av på desse revira. I februar vil både Muntjac og vannrådyra ha vinterpels, dette vil gje eit pent resultat ved eventuell utstopping.

Mogleg med reguleringsjakt/cull under desse jaktene. I all hovudsak Muntjac hodyr/fjordyr samt rådyrgeiter og noko dåhjort.

Vi kan og arrangere kombinasjon råbukk/muntjac frå medio april og utover sommaren.

Når det gjelder våpen, er det inklusiv leige av rifler med kvalitetsoptikk og lyddempar(Sako 75/85/Browning X-bolt med swarovski z6i). Er mogleg å ta med eige våpen, men dette må søkjast om i god tid før avreise og kan gjere reisa vanskeleg/lang.

Når det gjelder sjølve reisa, flyr du til London Stansted eller Norwich. Frå Stansted går det tog minst ein gong i timen vidare til Norwich jernbanestasjon (reisetid ca 1 time og 50 min), der min samarbeidspartner vil ta deg/dykk imot. Evt. kan eg ordne taxi direkte frå Stanstead til innkvarteringa.

Jakta arrangerast for inntil 3 jegerar samtidig. Eg anbefala 3 dagar med jakt(6 økter) for å sikre seg gode eksemplar av begge artar.

Prisoversikt per jeger:

- Per jaktøkt inklusiv køyring, guide, leige av våpen og ammunisjon.....160£(betalast på førehand)
- Reingjering og bleiking av skalle.....50£ per stk.
- Skuldermontasje ca.....500£ per stk.
- Flåing av trofé for skuldermontasje.....30£
- Transport frå/til revir-Norwich jernbanestasjon-inkludert
- Kost og losji- Eg bestiller rom til dykk på enten `The black boys` eller `The Bucks arms`, dykk betalar for romma samt mat/drikke når dykk sjekkar ut.
- Taxi frå Stanstead til revir tur/retur ca 1600 nok per pers.



Troféavgifter: betalast kontant direkte til gamekeeper ved jaktas slutt.

Ved skadeskyting og ikkje funne vilt, vil troféavgift måtte betalast.

Muntjac

- Representativ.....220£
- Medalje.....450£

Cwd/Kinesisk vannrådyr

- Representativ/hodyr...270£
- Stor/medalje.....650£

Råbukk

- Under 6 taggar.....100£
- 6 taggar/representativ.....250£
- Bronse.....350£
- Sølv.....400£
- Gull.....650£

Avskytingsdyr

- Hodyr/fjordyr Muntjac.....50£
- Rådyrgeit.....50£
- Dåhjorthind/fjorbukk på førespurnad



post@reliajaktreiser.no
reliajaktreiser.no
Mob: + 47 95205880

